

**Fra:** Linda Mortensen Midtbø  
**Sendt:** fredag 20. september 2024 12:39  
**Til:** Postmottak Kinn Kommune  
**Emne:** Innspel til Samfunnsplanen på vegne av Florø hamn KF

Synar til høyring på Samfunnsplanen, med høyringsfrist 30.09.2024.

### Florø hamn si rolle

Florø hamn KF er kommunen sitt hamnefaglege organ og skal ta hand om dei administrative og forvaltningmessige oppgåvane som er lagt til kommunen etter hamne- og farvasslova, og føresegner gitt i medhald av lova. Det geografiske ansvarsområde er avgrensa til å gjelde tidlegare Flora kommune. Florø hamn KF skal bidra til eit samla, kostnadseffektivt og konkurransedyktig hamnetilbod i regionen. Florø hamn KF eig ca 1,3 km kailengde, samt tilhøyrande areal og infrastruktur i Florø. I plansamanheng skal Alden hamneområde ved Florø hamn KF ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av det kommunale farvatnet på vegne av Kinn kommune.

### Hamneplan for Florø 2020-2040

Hamneplan for Florø 2020-2040 slår fast at Florø hamn skal vere ei attraktiv, profesjonell og framtidsretta hamn med kompetente og løysningsorienterte medarbeidrarar. Hamna sine planar og aktivitetar skal vere tufta på omsyn til miljø, klima og berekraft. Når Noreg omstiller seg til fornybarsamfunnet, har Florø hamn og næringslivet i vår region alle føresetnader for å vere ein viktig arena, med eksisterande kompetanse, strategisk nærliek til havet, areal til industri m.v. Det skjer mykje viktig utviklingsarbeid som posisjonerer Florø i front nasjonalt og internasjonalt på fornybarfeltet. Florø hamn vil bidra til å forsterke dette framtidsretta arbeidet.

Hamna i Florø skal vere ei drivkraft i utviklinga av kystregionen som vekstområde. Florø er eit viktig transportknutepunkt for sjø mellom Ålesund og Bergen, og innfallsparten til resten av regionen. Florø, som tyngdepunktet i regionen, er god til å utnytte sin strategiske nærliek til havet og alle dei moglegheitene som ligg der til verdiskaping innan maritime og marine næringar, olje- og gass, fornybarnæringa m.v. Florø og regionen tek ei aktiv rolle i det grøne skiftet, og hamna spelar ei viktig rolle i dette. God samhandling mellom offentlege og private aktørar gjer at Florø har eit godt tilbod for maritim aktivitet. At ein aktør gjer det godt, skapar aktivitet og positive ringverknadar for alle. Mangfaldet av servicetilbod, effektive logistikkløysingar, berekraftige val, i tillegg til tilgjengeleg kaimeter og areal gjer Florø til eit godt val for alle som driv næringsverksemd til sjøs og i nærlieken til sjø. Florø og kysten er attraktive for reiselivet. Hamna har ei sentral rolle i byutvikling, samferdsle, miljø og næringsutvikling. Florø hamn KF skal vere ein pådrivar for meir miljøvenleg transport, og meir gods på sjø. Florø hamn skal i tillegg vere ein pådrivar og tilretteleggjar for nye framtidige energiberarar og transportløysingar. Florø hamn vil legge til rette for at Florø-regionen vert ein føretrekt stad (å etablere seg) for dei som vil utvikle grøn industri og næring. (Kjelde: Hamneplan for Florø 2020-2040: <https://florohamn.no/om-floro-hamn/styrande-dokument/>)

### Samfunnsplanen til høyring

Samfunnsplanen som ligg til høyring slår fast at Kinn kommune i framtida skal vere ein attraktiv kommune i omstilling, med eit næringsliv tilpassa nye tider. Næringslivet er blitt berekraftig gjennom grøn omstilling, og vi er blitt eit lågutsleppsamfunn. Kinn skal vere ein kommune med solid og berekraftig økonomi. Det står også at 70% av arbeidsplassane i kommunen er i dag i det private næringslivet. Næringslivet er i stor grad knytt til både nasjonale og internasjonale føringar og konjunkturar. Det er difor avgjerande å få til den grøne omstillinga gjennom å dyrke dei naturgitte fortrinna våre og sikre nye arbeidsplassar. Barrierar for grøn omstilling er tilgang på areal, behovet for kraft og å skaffe nok fagfolk. I planen står det at vi skal nytte oss av våre

stadeigne ressursar, særskild nærleiken til skipsleia og havrommet. Moglegheitsrommet peiker på mellom anna maritim næring (drivkraft i grøn omstilling), sjømatnæringa, cruise- og reiselivsnæringa og havvind. Sjøfart er den største utsleppsposten i Kinn kommune, og i omstillinga mot eit lågutsleppssamfunn kan Kinn kommune spele ei rolle nye energiberarar, som hydrogen og ammoniakk, ta del i havvindsatsinga samt ta ein enno større del av veksten innanfor havbruk og fiskeri (då fisk som lågutsleppsprotein på verdsbasis vert viktig).

Florø hamn støtter opp om denne tilnærminga, og ser at mykje av dette finn ein att i hamneplan for Florø 2020-2040. For å lykkast med dette er det viktig at ein ikkje undervurderer barrierane som er lista opp – tilgang på areal, behovet for kraft og fagfolk. Næringsane som er lista opp som potensiale i framtidssbiletet til Kinn kommune er arealkrevjande næringar, og er avhengig av gode og effektive hamnefasilitetar. Utvikling og vekst av næringsverksemder som krev tilgang til sjø vil bandlegge areal i strandsona. Dette skal løysast samtidig som ein har ein ambisjon om arealnøytralitet, noko som er eit stort dilemma og delvis motstridane. Samfunnsplanen bør i større grad ta inn over seg korleis ein skal løyse dette, og korleis ein prioriterer. Dette for at planen skal vere eit reelt overordna styringsverktøy i framtidig planlegging.



Helsing  
**Linda Mortensen Midtbø**  
Hamnesjef  
Florø hamn KF/ Alden hamneområde

**Telefon:** 909 62 284  
**E-post:** [LindaMortensen.Midtbo@kinn.kommune.no](mailto:LindaMortensen.Midtbo@kinn.kommune.no)  
**Florohamn.no**  
**Vakttelefon 24/7:** 913 18 000

**Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført**